



Møtereftrat

Referat frå møte 31.08.17 i Styringsgruppa for folkehelse

Dato / tid: **Torsdag 31.08.17**
Referent: Magne Fylling
Stad: **Rådhuset, formannskapssalen**
Møteleiar: Modolf Hareide
Til stades: Per Egil Håhjem, Dagfinn Erstad, Per Løkkeborg, Trond Herje, Modolf Hareide og Magne Fylling
Forfall: Kristian Skålhavn, Camilla Brusdal og Rigmor Berg
Kopi til:

Styringsgruppa for folkehelse er utfordra av rådmannen til å kome med forslag til folkehelseiltak som innspel til rullering av handlingsprogrammet av kommuneplanen.

Etter framlegg frå leiar avgjorde styringsgruppa at forslaga skulle setjast opp i det formatet som er brukt siste åra , med inndeling i tema slik det er gjort i fylkesplanen for folkehelse:

1. Samfunnsutvikling for ein god start i livet
2. Helsevennleg arbeidsliv
3. Samfunn som fremmar aktiv og frisk alderdom
4. Trygt og helsefremmande fysisk miljø
5. Inkludering og deltaking i kultur og frivillege organisasjonar
6. Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

I tillegg er det no teke med eit punkt sju om arbeidet med rusomsorg i kommunen.

For kvart tema er det sett eit hovumål og ei kort forklaring på omstenda rundt fokusområdet. Vidare ein tabell for kvart tiltak med konkretisering av tiltaka, ansvar, tid for gjennomføring, budsjett og status.

Leiar oppsummerte kva som var løfta fram som grunnlag for val av folkehelseiltak:

- Mål sett i kommuneplanen, samfunnsdelen
- Mål og tiltak i gjeldande Handlingsprogram for folkehelse
- Mål og tiltak i Fylkesplanen for folkehelse
- Folkehelseprofil 2017
- Ungdataundersøking 2017
- Innspel frå tre tenesteområde som var invitert til møtet i styringsgruppa 17.08.17; barnevern, helsestasjon og psykisk helse/rusteam.
- Innspel frå tenesteområde som blei utfordra skriftleg 18.08.17, med svarfrist 29.08. Det kom inn forslag frå barnehagane v/Janne Aamelfot

- Utfordringar som medlemmene i den breitt samansette styringsgruppa har erfart bør løftast fram.

Etter ei rimeleg grundig drøfting blei det semje om kva for folkehelseiltak styringsgruppa ville foreslå.

Nokre område som blei løfta fram og drøfta:

- Viktig å setje inn tiltak tidleg, med tverrfagleg innsats.
- Det er samanheng mellom god helse og utdanningsnivå. Viktig å unngå fråfall i vidaregåande
- Auke ressursar og kompetanse i skulane til å snakke med og følgje opp dei som slit. Rektor ved u-skulen opplyste m.a. om at det er kome ny paragraf i opplæringslova med nulltoleranse når det gjeld mobbing.
- Utfordre næringslivet til å ha fokus på helsevennleg arbeidsliv.
- Kommunen må utnemne AKAN-kontakt
- Einingar med mange tilsette bør vurdere eigne arbeidsmiljøutval.
- Viktig med tilrettelegging for fysisk aktivitet; møteplassar som stimulerer til aktivitet, og sykkel- og gangstiar.
- Viktig å understøtte eit mangfald av frivillege lag. Det er folkehelse i å kome saman med andre og gjere positive ting.
- Leiar meinte at det bør haldast dialogmøte i kommunestyret om folkehelse.
- Alle einingar bør ha folkehelse som tema i minst eitt personalmøte pr år.

Sekretær fekk oppgåve å sende forslag til folkehelseiltak tilbake til medlemmene fre 01.09., med frist for merknader mån 04.09.

Ut frå merknader som er innkomne, er det gjort nokre presiseringar og konkretiseringar som viser att i det som blir oversendt til politisk behandling.

Leiar Modolf Hareide signaliserer at han vil møte i formannskapet 12. sept og legge fram forslaget frå styringsgruppa.